



Innst. 353 S

(2015–2016)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 110 S (2015–2016)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Investeringar i Forsvaret

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning til å starte opp tre nye investeringsprosjekt og å orientere Stortinget om eit anna prosjekt.

Utgangspunktet for godkjenning av investeringsprosjekta i Forsvaret er dei årlege budsjettproposisjonane (Prop. 1 S). Denne proposisjonen fyller såleis ut budsjettproposisjonen.

Proposisjonen har følgjande innhald:

- Godkjenning av kostnadsramme for tre nye eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt: Ørland – nytt forsyningslager for F-35, Ørland – kjøp av Hårberg skule frå Ørland kommune og Ørland – nye forlegningar for befall og verva.
- Sak til informasjon: Logistikkprosjektet i LOS-programmet.

1.2 Nye eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt for godkjenning

Ørland – nytt forsyningslager for F-35-flya

Nytt forsyningslager for F-35-flya er eit viktig prosjekt for etableringa av kampflybasen. Forsyningslageret må stå ferdig til mottak av dei første F-35-flya på norsk jord hausten 2017.

Prosjektet omfattar bygging av nytt forsyningslager for F-35-flya med tilhøyrande infrastruktur og tomteopparbeiding.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 177 mill. kroner inkl. mva., innreiing og ei avsetjing for usikkerheit. Styringsramma for prosjektet er 149 mill. kroner.

Ørland – kjøp av Hårberg skule frå Ørland kommune

Ørland kommune aksepterte i kommunestyrehandsaminga av saka 17. desember 2015 tilbodet frå Forsvarsbygg om å kjøpe Hårberg skule for 100 mill. kroner.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 105 mill. kroner inkl. mva., og ei avsetjing for usikkerheit. Styringsramma for prosjektet er 104 mill. kroner.

Ørland – nye forlegningar for befall og verva

Prosjektet for etablering av nye forlegningar for befall og verva på Ørland er tidlegare lagt fram for avgjerd i Stortinget gjennom Prop. 18 S (2015–2016). I framlegginga av prosjektet gjennom Prop. 18 S (2015–2016) vart eit tilhøyrande forslag til vedtak utegløymt frå Forsvarsdepartementet (FD) si side. Ved Stortinget si handsaming av Innst. 112 S (2015–2016) vart det difor ikkje gjort eit formelt vedtak om å setje i gang prosjektet. FD har difor vald å leggje fram prosjektet på nytt i denne proposisjonen.

Ei kartlegging av status på eksisterande forlegningar og framtidig behov viser at talet på befalskvarter må aukast med om lag 150 bueiningar.

Prosjektet for etablering av trinn 1 for nye befalskvarter på Ørland omfattar bygging av ei forlegning med til saman 50 bueiningar i nærleiken av

eksisterande befalsforlegningar og spisemessa ved Ørland hovudflystasjon.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 113 mill. kroner inkl. mva., innreiing og ei avsetjing for usikkerheit. Styringsramma for prosjektet er 97 mill. kroner.

1.3 Sak til informasjon

Logistikkprosjektet i LOS-programmet

LOS-programmet i Forsvaret inneheld fleire prosjekt for å etablere eit felles integrert forvaltningssystem i Forsvaret (FIF). Logistikkprosjektet, som er det tredje og siste store prosjektet i programmet, skal gje Forsvaret ei fullstendig logistikklysing for prosessar innanfor materiellinvestering, konfigurasjonsstyring, vedlikehald og avansert forsyning.

Opprettinga av Forsvarsmateriell (FMA) gjer det naudsynt å sjå på endringar i FIF når det gjeld fordeling av roller og ansvar. I tillegg er det gjort fleire endringar innafor logistikkverksemda som inneber at kravdokumentet frå 2008 ikkje lenger speglar dagens krav. Til sist er det kome ny SAP-teknologi som, dersom den vert teken i bruk, gjer at FIF kan verte meir brukarvenleg og enklare å drifte. Forsvaret tilrår difor at dei to resterande delleveransane i prosjektet vert avbestilte og at ein heller nyttar ressursane til å avklare ei FIF-lysing for framtida.

Prosjekt 2814 Logistikkprosjektet har vara i fleire år, og har hatt ei rekkje utfordringar undervegs. Med innføringa av delleveranse 1, vil nesten alle materiellsystema verta lagde inn i FIF, og Forsvaret kan omsider fase ut fleire av dei ulike IT-systema i Hæren, Sjøforsvaret og Luftforsvaret. Dette var hovudmålsettinga med etableringa av program Golf i 2001.

På bakgrunn av dette vil departementet avslutte Logistikkprosjektet etter at delleveranse 1 er ferdig i 2017. Det inneber òg at LOS-programmet i Forsvaret vil verte lagt ned som eigen avdeling etter at Logistikkprosjektet er avslutta.

Prosjektet si prisjusterte kostnadsramme (post 45) er 885 mill. kroner. Regjeringa vil kome attende med ei nærmare utgreiing av måloppnåing, erfaringar med gjennomføringa og gevinstar ved avsluttinga av prosjektet i 2017.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Svein Roald Hansen, lederen Anniken Huitfeldt, Marit Nybakk, Kåre Simensen og Jonas Gahr Støre, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, Regina Alexandrova, Sylvi Graham, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra

Fremskrittspartiet, Harald T. Nesvik, Jørund Rytman og Christian Tybring-Gjedde, fra Kristelig Folkeparti, Astrid Aarhus Byrknes, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, stiller seg bak en videreutvikling av kampflybasen på Ørland og byggingen av nytt forsyningslager for F-35 med tilhørende infrastruktur og tomteopparbeiding. Komiteen støtter også anskaffelse av innredning og lagerutrustning til bygningen. Komiteen merker seg at lageret vil inngå i det internasjonale nettverket for forsyningsbeholdning for F-35 som samarbeider om felles forsyningsløsninger. Komiteen vil påpeke at det er viktig at forsyningslageret oppfyller gitte krav til tollsoner og sikringskrav.

Komiteen har merket seg at Hårberg skole har en lokalisering som ligger tett til Ørland hovedflystasjon og støtter derfor tiltaket om å kjøpe Hårberg skole fra Ørland kommune slik at kommunen kan flytte undervisningen og gi elever og ansatte et godt miljø for læring og utvikling. Komiteen ser positivt på at Ørland kommune får leie Hårberg skole av Forsvarsbygg til nytt skolebygg står klart i 2017 for å ivareta elever og ansatte på en god måte i byggeperioden. Komiteen vil understreke mulighetene som ligger i gjenbruk av Hårberg skole og ser derfor positivt på at bygningsmassen kan innlemmes i eiendomsmassen til Ørland.

Komiteen merker seg at ved å flytte Luftforsvarets styrkeproduksjon for luftvern og basesett til Ørland innebærer dette et merbehov for boliger og kvarter for befal og vervede på om lag 150 boenheter. Komiteen støtter at byggingen gjennomføres i flere trinn og at 1. trinn omfatter en forlegning med 50 boenheter som skal stå ferdig i løpet av 2017. Komiteen merker seg at resterende boenheter er planlagt ferdigstilt i 2020.

Medlemene i komiteen fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti understrekar at Forsvarsbygg må kompensere folk som står i fare for å miste hus, eigedom og livskvalitet som følgje av utbygging på ein skikkeleg måte. Desse medlemene forventar at Forsvarsbygg ter seg på ein rimeleg og raus måte slik at lokalbefolkninga på Ørland ikkje må lide for at dei skal huse landets kampflyplass. Desse medlemene understrekar at ei lysing der bønder ufrivillig må akseptere bustad utanfor støysona, medan dyra skal bli att innanfor støysona, ikkje er akseptabel. Det er heller ikkje akseptabelt om folk blir kompensert med ein bustad Forsvaret meiner er «dei etter sin livssituasjon har trong for», i staden for at dei blir kompensert med ein bustad tilsvarande det dei har i dag.

Komiteen har merket seg at det har vært utfordrende og krevende å implementere et felles integrert forvaltningssystem i Forsvaret (FIF) som har gitt forsinkelser over flere år og ført til kostnadsøkninger. Komiteen merker seg at 1. del av Logistikkprosjektet i LOS-programmet ble innført 1. januar 2016 og at innlegging i materiellsystemet vil vare gjennom hele 2016. Komiteen understreker viktigheten av at logistikksystemet og den resterende delen av FIF på en effektiv måte kan tas i bruk, også av den nye materielletaten i Forsvarsdepartementet (FMA) og skape synergi i samarbeid med Forsvaret i fremtiden. Komiteen merker seg at opprettelsen av FMA gir et behov for å se på endringer i FIF når det gjelder ansvar, roller og prosessmodellen. Komiteen merker seg videre at det er gjort flere endringer i logistikkvirksomheten som innebærer at kravdokumentet for 2008 ikke lenger gjenspeiler dagens krav, og at det her kommet ny SAP-teknologi som kan gjøre FIF mer brukervennlig og enklere å drifte. Komiteen merker seg at Forsvaret anbefaler å avbestille de to siste delleveransene i prosjektet for å bruke ressursene til å avklare en FIF-løsning for fremtiden.

Komiteen forutsetter at denne endringen ikke fordyrer og forsinker den pågående FIF-innføringen.

Komiteen forventer at dersom man gjør FIF sektorovergripende innenfor regnskap, lønn og personell, kan dette føre til besparelser ved å redusere porteføljen av administrative IT-systemer. Komiteen ser positivt på at ved innføringen av delleveranse 1 vil alle materiellsystemene i Forsvaret bli samlet i FIF, og man kan dermed fase ut de forskjellige IT-systemene for Hæren, Sjøforsvaret og Luftforsvaret. Komiteen merker seg at på bakgrunn av dette vil departementet avslutte Logistikkprosjektet etter at delleveranse 1 er ferdig i 2017, og at LOS-programmet blir lagt ned som egen avdeling. Komiteen merker seg videre at FD vil bevare og videreføre kompetansen som er opparbeidet i LOS-programmet i Forsvaret og FMA etter at logistikkprosjektet og LOS-programmet er avsluttet.

Komiteen har merket seg at det nå gjenstår to produsenter som konkurrerer om en eventuell leveranse av ubåter til Sjøforsvaret. Disse er Thyssen-Krupp Marine Systems (tkMS) i Tyskland og Direction des Constructions Navales Services (DCNS) i Frankrike. Komiteen viser i denne forbindelse igjen til Innst. 337 S (2014–2015) og understreker at norsk industri skal sikres best mulig grunnlag for å

kunne utvikle og levere kampsystemet til de norske ubåtene og til fremtidige leveranser av samme eller tilsvarende type ubåt fra den leverandøren Norge velger.

Komiteen understreker at før det eventuelt skal inngås kontrakt om leveranse av ubåter, skal det inngås en overordnet strategisk og langsiktig industrisamarbeidsavtale hvor leverandøren/leverandørnasjonen forplikter seg til ulike former for industrisamarbeid tilsvarende ubåtenes anskaffelsesverdi. Samarbeidet skal styrke den fremtidige ubåtkapasiteten samtidig som den sikrer norske industrileveranser, med målsetting om en betydelig nasjonal verdiskaping.

Herunder vil både direkte og indirekte industrisamarbeidsavtaler, så vel som drifts- og vedlikeholdssamarbeid, kunne inngå i den samlede vurderingen. Komiteen legger til grunn at det strategiske samarbeidet vil gå utover selve byggeverftet og at samarbeidet primært vil være mot verftets nasjonale myndigheter. Indirekte industrisamarbeid utenfor selve ubåtanskaffelsen vil derfor kunne være vel så viktig som direkte industrisamarbeid innunder selve anskaffelsen mot byggeverftet.

Medlemene i komiteen frå Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti understreker at før det eventuelt skal inngås kontrakt om leveranse av ubåter, skal det inngås forpliktende industriavtaler som sikrer norske leveranser, med en industriell målsetting om å sikre en betydelig nasjonal verdiskaping. En eventuell industriavtale skal ha ambisjon om gi oppdrag til norsk industri til en verdi som tilsvarer anskaffelsesverdien av ubåtene.

3. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rå Stortinget å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2016 kan starte opp nye investeringsprosjekt omtala i kapittel 2 – Nye eigheds-, byggje- og anleggsprosjekt for godkjenning – i den framlagde proposisjonen, innanfor dei gjevne kostnadsrammene.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 1. juni 2016

Anniken Huitfeldt

leder

Regina Alexandrova

ordfører

